

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss	FE - 011	17/421

Saknr	Utval	Type	Dato
004/2017	Valstyret	PS	19.04.2017

Førehandsrøysting ved Stortingsvalet 2017 og val av røystestader

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Førehandsrøysting ved Stortingsvalet 2017 vert lagt opp slik:

Kommunehuset	10.aug – 8.sept	09:00 – 15:00
Butikken på Kvingo	fredag 8.sept	12:00 – 18:00
Butikken på Haugsvær	fredag 8.sept	12:00 – 18:00
Butikken / NAV på Hosteland	fredag 8.sept	12:00 – 18:00
Sjukeheimen	tysdag 5.sept	10:00 – 12:00
Biblioteket på Hosteland	tysdag 5.sept	13:00 – 19:00
Biblioteket på Matre	torsdag 7.sept	13:00 – 18:30

Frist for å søke om ambulerande røysting vert tysdag 5.sept kl 08:00.

Rådmannen får fullmakt til å justere på opningstidene viss opningstider på butikkane eller biblioteka endrar seg.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vallova fastset at tidlegrøysting ved Stortingsvalet skal vere i perioden 1.juli til den ordinære førehandsrøystinga startar, jf vallova § 8-1 pkt (4).

Vallova fastset at førehandsrøysting ved Stortingsvalet skal vere i perioden 10.august til 8.september, jf vallova § 8-1 pkt (1) og (2).

Vallova fastset at førehandsrøystinga skal gå føre seg i eigna og tilgjengelege lokale, jf vallova § 8-3 pkt (1). Det er og fastsett i lova at det skal vere førehandsrøysting på helse- og sosialinstitusjonar. Andre

førehandsrøystingsstader vert der valstyret bestemmer, jf vallova § 8-3 pkt (2).

Vallova fastset at dei som grunna sjukdom eller uførhet ikkje kan avgje stemme ved førehandsrøystingsstadane eller på valtinget, kan søke valstyret om å avgje førehandsstemme der dei oppheld seg (ambulerande røysting), jf vallova § 8-3, pkt (6).

Fakta

Ved kommunevalet i 2015 var det mogeleg å førehandsrøyste på kommunehuset i heile førehandsperioden. Siste veka før valdagen var det mogeleg å førehandsrøyste i biblioteka sine opningstider samt ein langdag på kommunehuset. I tillegg var det mogeleg å førehandsrøyste på butikkane på Haugsvær og Kvingo og å sjukeheimen laurdag ei veke før valdagen.

Ved folkerøystinga i mai 2016 kopierte ein store deler av opplegget for førehandsrøysting frå kommunevalet bortsett frå at ein la til rette for førehandsrøysting ved butikkane ein fredag ettermiddag i staden for laurdag. Ein flytta og førehandsrøystingsstad på Nordsida frå sjukeheimen til NAV sine lokaler knytt til butikken på Hosteland.

Evaluering av gjennomføring av førehandsrøysting både for kommunevalet og folkerøystinga, viser at det ikkje er behov for langdag på kommunehuset.

Vurdering

Tidlegrøysting

Tidlegrøysting vert berre mogeleg på kommunehuset. Den som vil tidlegrøyste må avtale dag på førehand sidan røysteperioden er i ferietida. Dvs at ein ikkje kan krevje å få tidlegrøyste viss ein berre møter opp utan avtale. Rådmannen reknar med at ein skal kunne ta mot tidlegrøyster i 3 av 5 vekedagar i sommarvekene.

Førehandsrøysting

Førehandsrøystingsopplegget i samband med kommunevalet i 2015 og folkerøystinga i 2016 fungerte godt bortsett frå langdagen på kommunehuset. Det er ikkje bebov for denne langdagen når det er mogeleg å førehandsrøyste på kommunehuset i heile førehandsrøystingsperioden.

Evalueringa etter både kommunevalet og folkerøystinga syner at å legge til rette for førehandsrøysting ved butikkane ein fredag fungerte vel så bra som å ha det ein laurdag. Førehandsperioden vert avslutta fredag før valdagen. Dette gjer at ein kan har «butikkørøysting» fredag før valdagen. Viss ein vel å gå tilbake til «butikkørøysting» laurdag, vert dette ei heil veke før valdagen. Rådmannen rår til at ein legg til rette for førehandsrøysting ved butikkane fredag 8.sept. Langdagar i biblioteket si opningstid siste veke før valet vert vidareført.

Ambulerande røysting

Det er valstyret som fastset frist for at søknad om å få røyste heime skal vere komen til kommunen, men valhandboka fastset at fristen skal setjast til eit tidspunkt mellom tysdag og fredag den siste veke for valet. Rådmannen tilrår at fristen vert sett til tysdag 5.sept kl 08:00 men at hovudtilbodet om ambulerande røysting formidla gjennom heimetenesene, vert gjennomført i veke 35.

Konklusjon

Sjå framlegg til vedtak

Valstyret - 004/2017

VS - behandling:

Ordførar Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

VS - vedtak:

Førehandsrøysting ved Stortingsvalet 2017 vert lagt opp slik:

Kommunehuset	10.aug – 8.sept	09:00 – 15:00
Butikken på Kvingo	fredag 8.sept	12:00 – 18:00
Butikken på Haugsvær	fredag 8.sept	12:00 – 18:00
Butikken / NAV på Hosteland	fredag 8.sept	12:00 – 18:00
Sjukeheimen	tysdag 5.sept	10:00 – 12:00
Biblioteket på Hosteland	tysdag 5.sept	13:00 – 19:00
Biblioteket på Matre	torsdag 7.sept	13:00 – 18:30

Frist for å søke om ambulerande røysting vert tysdag 5.sept kl 08:00.

Rådmannen får fullmakt til å justere på opningstidene viss opningstider på butikkane eller biblioteka endrar seg.